



ORKide  
c/o Nordmøre Næringsråd  
Postboks 161  
Kongens Plass  
6501 KRISTIANSUND N

## ORKide - Tildeling av skjønnsmidlar knytt til kommunereforma 2015

Vi viser til skjønnsmiddelsøknad datert 3.10. 2014 til arbeidet med kommunereforma i kommunane på Nordmøre.

Søknaden har blitt godkjent med 1 million kroner, og vil bli overført til Kristiansund kommune i løpet av mars. Fylkesmannen har sendt brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet der vi ber dei tildele skjønnsmidlane. Kommunane må være merksam på at pengane blir utbetalt som ein del av rammetilskotet. Tildelinga vil bli spesifisert i eigen kolonne – «*Ekstra skjønn tildelt av fylkesmannen*».

I brev av 3. juli 2014 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet har Fylkesmennene fått i oppdrag å ha ein sentral rolle i arbeidet med kommunereforma. Dette skal skje ved å leggje til rette og være koordinator for dei prosessane som skal gjennomførast lokalt/regionalt. I tillegg har Fylkesmannen blitt bede om «*å gjere ei vurdering av dei samla kommunestyrevedtaka om kommunereforma, der det skal leggjast vekt på heilheita i regionen og fylket*». I forståing med kommunane vil det difor vere naturleg å samarbeide tett med regionråda for på beste måte å støtta kommunane i reformarbeidet.

Fylkesmannen sine forventningar til regionråda ved tildeling av desse skjønnsmidlane er:

- Vere ein nøytral samarbeidspartnar til kommunen(ane)
- Bruke spesielle tilsette til arbeidet med kommunereforma
- Legge til rette for:
  - møteplassar
  - dialogmøter, kurs, konferanse, studieturar etter bestilling frå kommunane
  - utgreiingar som har felles interesse for kommunane
  - innbyggjarundersøkingar
  - samarbeid med fylkesmannen om oppfølging av kontaktpersonane i kommunane
  - samarbeidsmøte med fylkesmannen
- Halvårsrapportering til fylkesmannen, 1. juli og 31. desember 2015 (vi vil sende ut nærare informasjon kva vi ynskjer tilbakemelding på i desse rapportane)

Skjønnsmidlane blir utbetalt til den kommunen regionrådet sett som søkarkommune. Søkarkommunen står ansvarleg for at skjønnsmidlane blir overført til regionrådet. Det er søkarkommunen som har det formelle rapporteringsansvaret til fylkesmannen, men vi ser det som naturleg at dette følger regionrådet opp.

Det er også den kommunen som formelt er ansvarleg for rapporteringa til oss og vidareformidlinga av informasjon sendt frå oss, men vi ser det likevel som naturleg at regionrådet tek seg av dette.

Lykke til med kommunereformarbeidet!

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)  
Ass. fylkesmann

Vigdis Rotlid Vestad

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*